

Oversikt over større endringar i høve til eksisterande forskrift; Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland (FOR-2022-07-01-1298).

§ 6 Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark: Nytt tiltak!

§ 7 Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i utmark: Nytt tiltak!

§ 14 Soner for pollinerande insekt: Utforminga og avgrensinga av tiltaket er endra.

§ 15 Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl: Utforminga og avgrensinga av tiltaket er endra.

§ 17 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne: Avgrensinga i utbetalinga av tilskot er heva frå kr 5 000 per føretak til kr 10 000 per føretak.

§ 18 Kantsone i eng: Maksimal avstand frå vassdrag til ugjødsle soner er endra i samsvar med nasjonal instruks. Tiltaket er utvida med nye vassførekomstar. Liste over vassførekomstar vil lagt på nett i slutten av januar 2023 (sjå www.statsforvalteren.no/vl/rmp). I forskrifts-teksten ligg førebels inne tre alternative maks-avgrensingar per føretak for dette tiltaket. Statsforvaltaren ynskjer innspel på om maksavgrensinga bør setjast til 1000 meter per føretak eller 1500 meter per føretak eller 2000 meter per føretak for tiltaket Kantsone i eng.

§ 19 Spreiing av all husdyrgjødsel om våren og eller i vekstsesongen: Tiltaket gjeld framleis for føretak som disponerer areal i nedbørsfelt for elvemuslingsvassdrag. Tiltaket er no avgrensa til føretak med mjølkeproduksjon på storfe, og til føretak med produksjon på gris og fjørfe der produksjonsomfanget er berekna til minst 15 gjødseldyreiningar (GDE). Tiltaket har etter føringar i nasjonal instruks fått tiltaksklassen *Spreiing i veksande kultur* (eng).

§ 20 Nedlegging av husdyrgjødsel: Tiltaket er i nasjonal instruks skilt frå nedfelling av husdyrgjødsel som eige tiltak. Tiltaket er etter føringar i nasjonal instruks delt i to tiltaksklassar: *Nedlegging i veksande kultur* og *Nedlegging i veksande kultur ved fleire spreiningar*.

§ 21 Nedfelling av husdyrgjødsel: Tiltaket er i nasjonal instruks skilt frå nedlegging av husdyrgjødsel som eige tiltak. Tiltaket er etter føringar i nasjonal instruks delt i to tiltaksklassar: *Nedfelling i veksande kultur* og *Nedfelling i veksande kultur ved fleire spreiningar*.

§ 22 Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselslange: Tiltaket er etter føringar i nasjonal instruks delt i to tiltaksklassar: *Bruk av tilførselslange* og *Bruk av tilførselslange ved fleire spreiningar*.

§ 23 Nedkjemping av ugras i radkulturar: Nytt tiltak!

§ 24 Fangvekstar sådd etter hausting: Nytt tiltak!

§ 25 Miljøavtale: Nytt tiltak! Tiltaket trer ikkje i kraft før tidlegast i 2024.

§ 28 Søknad: Etter endring i nasjonal instruks kan no søknadar som er leverte innan søknadsfristen endrast av søkaren innan 29. oktober utan at tilskotet vert redusert (gjeld ikkje for driftstilskot til beitelaga).